



# EID KOMMUNE

## ORDFØRAREN

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET	
AVD./SEK: PLS	S.BEH:
- 4 SEPT. 2008	
S.NR.: 08/173-205	
ARKIV: 412.3	AVSKREVET:

Samferdsledepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

Vår ref.  
07/238-12/K2-Q10//ELE

Dykkar ref.

Dato:  
02.09.2008

## NASJONAL TRANSPORTPLAN 2010-2019 – TILLEGGSSUTTALE FRÅ EID KOMMUNE

Eid kommune har tidlegare gjeve uttale til Nasjonal transportplan for 2010-2019. I ettertid har det kome fram at omlegging av kriterie for avgangar på stamvegfergene vil få uheldige konsekvensar for ein del ferjestrekningar. Formannskapet i Eid har difor i sak 93/08 vedteke følgjande tilleggsuttale til NTP:

Eid kommune er usamd i den nye standarden for Stamvegferjer som ligg i forslaget til Nasjonal Transportplan (NTP) 2010-2019. I praksis vil den nye standarden kunne gje store skilnader i avgangsfrekvens innanfor same transportkorridor, og på ferjesamband som ligg nær kvarandre. Framlegget vil bidra til å stykke opp den naturlege trafikkflyten og komplisere situasjonen for både næringsliv og andre trafikantar.

For å få stamvegane til å fungere som effektive transportkorridorar, må standarden for ferjesambanda vere den same over lenger strekningar. Dette vil lette planlegginga for næringslivet og det vil verte mykje enklare å få til gjennomgåande bussruter som er attraktive for dei reisande.

Eid kommune ser to moglege løysingar

1. Ein felles standard for alle stamvegar, lik den som er føreslegen for samband over 2500PBE. Kravet om at 98% av køyretya skal kome med ønska avgang kan medføre at frekvensen vert enno høgare på einskildstrekningar
2. Fastsetting av ein standard for heile strekningar, eksempelvis Bergen – Trondheim, også her slik at kravet til andel køyrety som skal vere med planlagd avgang styrer om frekvensen skal vere endå høgare.

Begge desse framlegga vil gje store transport- og miljøgevinstar til låg kostnad, og Eid kommune ber om at dette vert teke omsyn til i vidare arbeid med NTP.

Postadr.:  
Rådhusvegen 11  
6770 Nordfjordeid  
Kontoradr: Rådhusvegen 11  
Org.nr.:938521816

Telefon:  
57 88 58 00

Telefaks:  
57 88 58 01

Bankgiro:  
3790.07.00130  
5398.05.01120

E post:  
[post@eid.kommune.no](mailto:post@eid.kommune.no)  
Heimeside:  
<http://www.eid.kommune.no>

Med helsing

*Sonja Edvardsen*

Sonja Edvardsen

Ordfører

57885897